



Kai Torgny Ferkingstad

Dato: 11.03.2022

POSTBOKS 177

Dokumentnummer: 22/1187-5

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Evy Helland

## Gnr. 22, bnr. 164 - Svar på spørsmål vedrørende sak

Visar til din førespurnad i sak om naust. Det er oppført platting/terrasse i strid med forbodet mot byggjing i strandsona (plan- og bygningslova § 1-8). Plattingen/terrassen krev dispensasjon frå pbl. § 1-8. Me finn ikkje dokumentasjon på at terrassen er omsøkt og godkjent. Dersom de ynskjer å behalde denne må det søkjast kommunen. Tiltaket må vidare vurderast opp mot kommunedelplan for kulturminner. Naustet ligg i A-område, dette er eit område med svært høg kulturhistorisk verdi. Alle tiltak skal vurderast i høve til kulturmiljøet og opprinneleg utforming. På grunn av den høge verneverdien i området bør nye tiltak få strenge krav til utforming og tilpasning. Sidan tiltaket er oppført utan søknad skal det vurderast etter dagens regelverk og planverk.

Ein eventuell søknad må sendast på uttale til kommuneantikvar. Om kommunen er positiv til tiltaket må søknaden i tillegg på uttale til statsforvaltar. Løyve til tiltaket kan ikkje påreknast.

Det er og kome meldingar om at nokre av nausta er innreia til fritidsføremål i underetasjen. Dette er det ikkje høve til. Om det gjeld dykkar naust veit me ikkje, me ynskjer difor ei tilbakemelding i høve dette.

Håpar dette var meir klargjerande. De kan gjerne kontakta meg på 99225038 om de ynskjer meir rettleiing.

Med helsing

Evy Helland  
jurist

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*

